

BØN
i samband med offer i kyrkjelyden

MIDTAUSTEN

Gode Gud,
vi ber deg for NMS og våre samarbeidspartnarar i
Midtausten og Pakistan.

Vi takkar og ber for pengane vi har samla inn i dag.
Lat dei bli til glede og velsigning slik at fleire får eit
møte med din kjærleik. Vi ber om at kvinner, barn
og minoritetar som har opplevd vald, undertrykking
og krenking skal finne håp og få høve til å ta del
i samfunnet.

I ditt navn ber vi; lat riket ditt kome,
på jorda slik som i himmelen.
Amen

DETTE ER VI MED PÅ:

- Kristent mediearbeid
- Kvinner sine rettar
- Bibelspreiing og teologisk utdanning
- Støtte til forfølgde
- Arbeid blant nordafrikanske migrantar i Spania



DELER TRUA
PÅ JESUS



UTRYDDAR
FATTIGDOM



KJEMPAR
MOT URETT